

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Sigbjørn Framnes, Frp, sette på vegner av Frp, Sp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hordaland fylkeskommune vil på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering rå til konsesjon til Øvre Årvik kraftverk.»

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 9 røyster (A/KrF/SV/MDG/V) mot 6 røyster (H/Frp/Sp) for Framnes sitt forslag.

Vedtak

Av omsyn til fjordlandskap av stor verdi, inngrepsfrie naturområde av stor verdi, potensiale for friluftsliv og stor samla belastning rundt Folgefonna rår Hordaland fylkeskommune frå konsesjon til Øvre Årvelva kraftverk. Søknaden er ikkje i samsvar med mål og strategiar i Klimaplan for Hordaland og rammer og retningslinjer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland.